



Giske kommune



BEREDSKAPSPLAN FOR GISKE KOMMUNE 2023

Dato: 02.02.2023

Vedtatt:
Giske kommunestyre 16.02.2023

Neste revisjon:
02-2024
Revisjonsansvarleg:
Beredskapskoordinator

INNHALDSFORTEGNELSE

| | | |
|-------|---|----|
| 1 | FØREMÅL OG DEFINISJONAR | 2 |
| 1.1 | Lov og forskrift..... | 2 |
| 1.2 | Planverk | 2 |
| 1.2.1 | Heilskapleg ROS-analyse..... | 2 |
| 1.2.2 | Beredskapsplanar i Giske kommune | 3 |
| 1.3 | Planen sitt virkefelt..... | 3 |
| 1.4 | Definisjonar | 4 |
| 1.4.1 | Uønska hending - krise | 4 |
| 1.4.2 | Kommunal beredskapsleiing | 4 |
| 1.4.3 | stab..... | 5 |
| 1.4.4 | Kriseteam (psykososial omsorgsgruppe)..... | 5 |
| 1.5 | Hovudprinsipp for beredskapsarbeidet..... | 5 |
| 1.6 | Tiltaksnivå..... | 5 |
| 1.7 | Varsel om kriseKommunen..... | 7 |
| 2 | ORGANISERING..... | 8 |
| 2.1 | Kommunal beredskapsleiing..... | 8 |
| 2.1.1 | Beredskapsleiinga sitt ansvar og oppgåver | 8 |
| 2.1.2 | Roller og oppgåver | 9 |
| 2.1.3 | Fullmakter | 10 |
| 2.1.4 | Økonomisk ansvar | 10 |
| 2.2 | Kriseteam..... | 11 |
| 2.3 | Beredskapsråd | 11 |
| 3 | SAMARBEID OG SAMVIRKE VED KRISER..... | 12 |
| 3.1 | Samarbeidsorgan for beredskapsleiinga | 12 |
| 3.2 | Forhold til politi | 12 |
| 3.3 | Eksterne organisasjonar | 13 |
| 3.4 | Planrevisjon og samordning | 14 |
| 3.5 | Årshjul..... | 14 |
| 3.6 | Bruk av IT i beredskap (DSB-CIM) | 14 |
| 4 | ETABLERING AV KOMMUNAL BEREDSKAPSLEIING | 14 |
| 4.1 | Lokalisering av beredskapsleiinga | 14 |
| 4.2 | Lokale for medier/ presse..... | 15 |
| 4.3 | Alternative lokale for kommunal tenesteproduksjon..... | 15 |
| 5 | BEFOLKNINGSVARSLING OG KRISEKOMMUNIKASJON..... | 15 |
| 5.1 | Informasjonskanalar | 15 |
| 5.2 | Informasjons- og kommunikasjonskrise | 16 |
| 5.3 | Befolkningsvarsling..... | 17 |
| 5.4 | Informasjonsrutiner og -oppgåver..... | 17 |
| 5.5 | politiet si informasjonsrolle | 17 |
| 5.6 | MÅLGRUPPER FOR KRISEINFORMASJON..... | 18 |
| 5.7 | stab – informasjon og kommunikasjon | 18 |
| 5.8 | Mediekontakt | 18 |
| 5.9 | Loggføring og arkivering | 19 |
| 5.10 | Informasjonsflyt..... | 19 |
| 6 | EVAKUERINGSPLAN | 19 |
| 6.1 | Oppgåver ved evakuering | 20 |
| 6.2 | Evakuerte- og pårørandesentra i Giske | 20 |
| 7 | KONTINUITET | 20 |
| 8 | KRISEAVSLUTNING – EVALUERING | 21 |
| 8.1 | Nedtrappingsfase | 21 |
| 8.2 | Evaluering | 21 |
| | VEDLEGG | 22 |
| 1. | Beredskapsdokument for kommunale einingar – utrykte vedlegg | 22 |
| 2. | Varslingslister og ressurs-oversikter – utrykte vedlegg | 23 |
| 3. | Ordliste | 23 |

1 FØREMÅL OG DEFINISJONAR

Kommunen har ansvar for alle som er innanfor kommunen sitt geografiske område, både innbyggjarar og tilreisande.

Planen skal gje oversikt over organiseringa av kommuneleiinga som beredskapsleiing. Beredskapsleiinga skal samordne og leie alle kommunale tiltak når ei krise ventas å oppstå, eller er oppstått.

1.1 LOV OG FORSKRIFT

Kommunen skal iflg. lovverket utarbeide ein beredskapsplan på grunnlag av heilskapleg Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) . ROS-analyse skal forankrast i kommunestyret. Heilskapleg ROS-analyse for Giske ligg føre som eigne dokument, del 1 (hovudrapport) og del 2 (underlagsrapport).

[Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelsesloven\)](#)

« § 15. Kommunal beredskapsplikt - beredskapsplan for kommunen

Med utgangspunkt i risiko- og sårbarhetsanalysen etter § 14 skal kommunen utarbeide en beredskapsplan.

Beredskapsplanen skal inneholde en oversikt over hvilke tiltak kommunen har forberedt for å håndtere uønskede hendelser. Som et minimum skal beredskapsplanen inneholde en plan for kommunens kriseledelse, varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplan og plan for informasjon til befolkningen og media.

Beredskapsplanen skal være oppdatert og revideres minimum én gang per år. Kommunen skal sørge for at planen blir jevnlig øvet.»

1.2 PLANVERK

1.2.1 HEILSKAPLEG ROS-ANALYSE

I Heilskapleg ROS-analyse for Giske kommune finn ein at dei uønska hendingane med størst sannsynlegheit og konsekvens er storm/ orkan, tunnelstenging, skipsforlis og miljøutslepp i sjø. Det er også ei auka sannsynlegheit for digitale angrep. I tillegg vil ei flyplassulykke med EPS, og hendingar som fører til stengt bru kunne føre til ei større krisehandtering.

Likevel er det slik at mindre sannsynlege hendingar også kan oppstå, slik at kommunen må ha ein beredskap for å takle ulike scenaria.

Med utgangspunkt i kommunen si heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse må beredskapsleiinga m.a. ha fokus på innbyggjarane sin eigenberedskap, innbyggjarvarsling og gjennomføring av beredskapsøvingar. Den digitale utviklinga i verda tilsette i Giske kommune også må få kompetanseheving på digitale angrep.

1.2.2 BEREDSKAPSPLANAR I GISKE KOMMUNE

Beredskapsplanen har plass i det kommunale plansystemet, jf. kommunen sin overordna planstrategi. Planen utgjør det øvste nivået i kommunen sin beredskapsdokumentasjon saman med heilskapleg ROS-analyse og styringsdokument for oppfølging av planverket.

| | | | |
|---|--|---|---|
| Overordna beredskap | Heilskapleg ROS-analyse og aggregert tiltaksrapport | Styringsdokument for oppfølging av samfunnssikring og beredskap | |
| | Beredskapsplan for kommunal beredskaps- og kriseleiing | | |
| | Plan for varsling og krisekommunikasjon | | |
| | Plan for evakuering (EPS) | | |
| CIM | | | |
| Operativ beredskap | OPPVEKST: | HELSE/ OMSORG: | TEKNISK: |
| | <ul style="list-style-type: none"> Beredskapsplaner i skular Beredskapsplaner i barnehagar | <ul style="list-style-type: none"> Smittevernplan Giske kommune Evakueringsplaner Plan for helse og sosial beredskap Helse- og omsorgsplan Pandemiplan Lokal beredskapsplan for NAV Giske | <ul style="list-style-type: none"> Beredskapsplan for vassverket Beredskapsplan for akutt forurensing |
| Risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS-analyser) for einingane | | | |

1.3 PLANEN SITT VIRKEFELT

Planane omhandlar primært krisesituasjonar innan Giske kommune sine grenser.

Det kan og vere krisesituasjonar utanfor kommunen som gjeld Giske kommune: Det kan oppstå situasjonar der Giske vert bede om å bistå, situasjonar som best vert handtert ved

interkommunalt samarbeid og / eller der innbyggjarar vert berørt eller ramma av hendingar utanfor kommunen.

Kommunen har ansvar ved handtering av ei stor, uønskt hending. Planen omfattar hendingar av ein art eller omfang som går ut over det som vert løyst av verksemdene sjølv, eller som den ståande beredskapen som brann- og redningsvesen, politi og helsetenesta utgjer. Desse tenestene vert utløyst automatisk utan nokon beslutning i beredskapsleiinga.

Beredskapssystemet i Giske skal bl.a. dekke:

- Befolkningsvarsling og informasjon
- Samordning, prioritering av ressursar
- Evakuering av ramma personar og handtering av pårørande
- Dokumentasjon (m.a. loggføring), rapportering (spesielt til Statsforvaltaren), evaluering
- Normalisering, oppfølging

1.4 DEFINISJONAR

1.4.1 UØNSKA HENDING - KRISE

I *Sivilbeskyttelseslova § 3* er omgrepet «uønskede hendelser» nytta for å definere hendingar det det kan settast inn tiltak for å førebygge og avgrense skader som befolkninga kan bli utsett for. Det er eit felles omgrep på alle typar kriser, ulukker, katastrofar mv. som har ført til tap eller kan føre til tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.

Ei «krise» er definert i «*Rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt*» som «...**en hendelse som har et potensial til å true viktige verdiar og svekke en virksomhets evne til å utføre sine samfunnsfunksjoner**», og der handteringa utfordrar eller overskrider kapasitet og/eller kompetansen til den eininga som i utgangspunktet har ansvar for denne. Ei hending som kan handterast av den einskilde eining er ikkje ei krise, men ei uventa, uønska hending.

1.4.2 KOMMUNAL BEREDSKAPSLEIING

Beredskapsleiinga skal koordinere og leie alle overordna kommunale tiltak. Kommunal kriseleiing er ein overordna funksjon og skal ikkje delta på skadestaden.

Beredskapsleiinga bistår med støtte til nødetatane politi, brann og ambulanse som har ansvar på skadestaden i akutfasen.

1.4.3 STAB

Støttefunksjon for den kommunale beredskapsleiinga. Vert oppretta ved behov for kommunal beredskapsleiing. Praktisk tilrettelegging og iverksetting av tiltak og arbeid for beredskapsleiing.

1.4.4 KRISETEAM (PSYKOSOSIAL OMSORGSGRUPPE)

Kriseteamet er eit team med fagpersonell som bistår ramma og personar ved akutte ulukker, hendingar og dødsfall i Giske kommune. Teamet skal bistå i den akutte fasen til det ordinære støtteapparatet tar over. Melding om utrykking skal komme frå politi ved operasjonsleiar, kommunal kriseleiing eller frå legevakt.

1.5 HOVUDPRINSIPP FOR BEREDSKAPSARBEIDET

Alt beredskaps- og krisehandteringsarbeid i norsk offentleg sektor følgjer fire grunnleggande prinsipp:

Ansvarsprinsippet:

Den som har ansvar for eit fagområde i ein normal situasjon har og ansvar for beredskapsførebuande arbeid og handtering av hendingar/ krisehandtering, inkludert informasjonsarbeid for eget område.

Likskapsprinsippet:

Den normale organisasjonen ein har til dagleg skal vere mest mogleg lik kriseorganiseringa.

Nærleiksprinsippet:

Kriser skal handterast på lågast mogleg nivå.

Samvirkeprinsippet:

Myndigheit, verksemder, organisasjonar som deltek i ei krisehandtering har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samhandling og samarbeid mellom aktørane.

1.6 TILTAKSNIVÅ

Med utgangspunkt i definisjonane i pkt. 1.4 skal ansvarleg leiar vurdere behov for tiltak. Tiltaksnivåa under er rettleiande for einingar og avdelingar i Giske kommune.

NIVÅ 1

Uønska hendingar i ei verksemd eller teneste og som vert handtert av den ordinære driftsorganisasjonen.

Det kan vere behov for å styrke driftsorganisasjonen med ekstra ressursar for å handtere informasjons- og kommunikasjonsutfordringar.

Det er liten fare for helsemessige, miljømessige og materielle skader. Fare for få og mindre personskader. Eventuelle skader er lett å bøte på.

Det skal umiddelbart varslast til overordna nivå, dvs. kommunalsjef/ administrativ leiar.

NIVÅ 2

Uønska hendingar som kan skje og som har, eller kan, få følgje for kommunen sine innbyggjarar.

Ein situasjon der det er fare for at alvorlege personskader og dødsfall kan skje. Fare for miljøskader og materielle øydeleggingar - også viktig infrastruktur. Det kan også vere ei uønska hending som krev etablering av krisekommunikasjonstiltak.

Ordinær driftsorganisasjon og leiing er ikkje nok, og omlegging eller tilførsel av ekstra ressursar kan vere naudsynt.

Kommunedirektør skal varslas umiddelbart. Kommunedirektør og ordførar avgjer om kommunal beredskapsleiing skal etablerast.

NIVÅ 3

Om det er fare for fleire omkomne og mange alvorleg skadde personar skal den kommunale beredskapsleiinga samlast. Det same gjeld ved store helsemessige, miljømessige og / eller materielle skader, eller der det ligg føre behov for evakuering av meir enn 50 personar. Har ulukka/ skaden allereie skjedd, skal kommunal beredskapsleiing samlast omgåande for å ta hand om og koordinere vidare innsats.

Kommunedirektør skal varslast omgåande. Kommunedirektør og ordførar avgjer om den kommunale beredskapsleiinga skal etablerast (setje krisestab).

Melding om at kommunal beredskapsleiing er etablert skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

1.7 VARSEL OM KRISEKOMMUNEN

Kommunen kan bli varslet om uønskede hendinger/ mulige krisesituasjoner fra egne tilsette, publikum eller andre myndigheter.

Alle tilsette i Giske kommune skal, når ho eller han får kjennskap til ei uønska hending eller at det kan vere fare for at ei uønska hending kan oppstå, gjennomføre naudsynte strakstiltak for å hindre eller avgrense skaden.

Akutt informasjon skal formidlet til personar som kan vere i fare. Næraste leiar skal


Varslingsmønster:

- **Når kommunalsjef eller administrativ leiar mottok varsel, varslar vedkomande Kommunedirektør**
- **Kommunedirektør varslar ordførar**
- **Når ordførar mottok varselet, varslar ordførar Kommunedirektøren**

varslast om hendinga og aktuelle strakstiltak. Vidare varsling skal alltid skje via overordna leiar.

Når beredskapsleiinga set stab er det ei formell handling som føreset loggføring, rapport til Statsforvaltaren og evaluering.

2 ORGANISERING



Kommunestyret har samla, overordna ansvar og mynde for beredskap i Giske kommune.

Beredskapsleiinga har kommunedirektøren som leiar og er sett saman av kommuneleiinga og nøkkelpersonell for å koordinere og leie alle overordna tiltak.

Beredskapsrådet er rådgjevande organ sett saman av ordførarane og beredskapsrådgjevarar/ -sjefar i Giske, Sula og Ålesund kommuner og eksterne etatar og organisasjonar.

Staben er administrative hjelpefunksjonar for beredskapsleiinga i krisesituasjonar.

Kriseteamet er fagpersonell som kan rykke ut ved behov for å bistå personar ved akutte ulukker, hendingar og dødsfall i Giske kommune.

Evakuerings- og pårørandesenter-gruppe (EPS-gruppe) har ansvar for EPS-sentra i kommunen og er leia av teknisk sjef.

2.1 KOMMUNAL BEREDSKAPSLEIING

2.1.1 BEREDSKAPSLEIINGA SITT ANSVAR OG OPPGÅVER

- etablere kontakt med politi, tlf. 02800, Lokal Redningssentral (LRS) og evt. Statsforvaltaren. Avklare ansvarstilhøve med desse.
- innhente opplysningar og vurdere situasjonen i kommunen
- setje i verk relevante støttefunksjonar (t.d. kriseteam, evakueringsmannskap, informasjonsteneste, krisestab)
- ta avgjerd om å setje i verk tiltak for å hindre skade på personar, miljø og materielle verdiar (t.d. forsyning av vatn/ straum og viktig infrastruktur)
- få utarbeidd og distribuert informasjon til eigne tilsette, innbyggjarar og media
- gje bistand til evakuering og bemanne mottaksenter for evakuerte og pårørande (EPS-senter)
- bidra til innkvartering og forpleiing av redningsmannskap
- gjennomføre rasjonerings- og reguleringstiltak
- sende periodiske rapportar om situasjonen til Statsforvaltaren
- loggføre alle aktivitetar i DSB-CIM

Utanfor akutt krisesituasjon har beredskapsleiinga ansvar for at organisasjonen har eit utvikla og jamleg revidert planverk og at personell, beredskapsleiing, beredskapsråd og lokale samarbeidspartar har naudsynt kompetanse og er tilstrekkeleg øvd i planverk, roller og ansvar.

2.1.2 ROLLER OG OPPGÅVER

| Funksjon | Rolle |
|--|--|
| BEREDSKAPSLEIING | |
| Kommunedirektør | <ul style="list-style-type: none"> • Operativ leiing av beredskapsleiinga • Ansvar for praktisk oppfølging av hendinga • Ansvar for kontakt med eksterne samarbeidspartar • Avklare fagleg liaison i politistab (LRS) i høve til faktisk hending |
| Kommunalsjef pleie/omsorg | <ul style="list-style-type: none"> • Nestleiar, stedfortredar for beredskapsleiar • Følgje opp eigne beredskapsplanar • Setje inn ressurspersonar ved behov |
| Ordførar | <ul style="list-style-type: none"> • Informasjonsansvarleg eksternt • Uttale seg på vegne av kommunen • Mediakontakt og –handtering • Leie pressekonferanser |
| Varaordførar | <ul style="list-style-type: none"> • Vikar for ordførar • Ordføraren vurderer om varaordføraren skal vere med når beredskapsleiinga blir sett og i beredskapsråd |
| Kommuneoverlege | <ul style="list-style-type: none"> • Medisinsk fagleg rådgivar • Smittevern fagleg ansvarleg • Mynde ved miljøvernretta helsevern • Følgje opp eigne beredskapsplaner • Leiar av kriseteamet |
| Kommunalsjef oppvekst | <ul style="list-style-type: none"> • Følgje opp eigne beredskapsplanar • Setje inn ressurspersonar ved behov |
| Beredskapskoordinator | <ul style="list-style-type: none"> • Vedlikehald av overordna planverk • Rapportering under og etter hendingar • Organisere evaluering • Utstyr i situasjonsrom |
| Einingsleiar kultur, service og næring | <ul style="list-style-type: none"> • Informasjonsansvarleg internt og eksternt • etablere kontakt med t.eks. næringsaktørar og offentlege etatar |
| Teknisk sjef | <ul style="list-style-type: none"> • EPS-leiar • EPS-etablering, -samband |

| | |
|------------------------------------|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> • EPS-koordinering med pleie/ omsorg • Følgje opp eigne beredskapsplanar • Setje inn ressurspersonar ved behov |
| Møre og Romsdal Politidistrikt | <ul style="list-style-type: none"> • Politikontakt for beredskapsleiinga |
| STAB TIL BEREDSKAPSLEIINGA: | |
| Eining Kultur, service og næring | <ul style="list-style-type: none"> • CIM-loggføring • Koordinering av stabsstøtte • Intern forsyning (mat, utstyr) • Førstelinje for kommunikasjon med innbyggjarar o.a. via tlf. og frammøtte. • Støttefunksjon og personell • Informasjonsmedarbeidar • Smittesporing |
| Stab personal | <ul style="list-style-type: none"> • EPS-arbeid • Interninformasjon |
| Stab økonomi | <ul style="list-style-type: none"> • CIM-loggføring |

2.1.1.3 FULLMAKTER

Kommunestyret har ved å vedta beredskapsplanen gitt slik fullmakt til beredskapsleiinga:

I ein akuttsituasjon, der det ikkje er tid til å kalle saman formannskap eller kommunestyre, har beredskapsleiinga høve til å sette i verk tiltak innanfor ei estimert kostnadsramme på 1.000.000 - ein million - kroner. Formannskapet eller kommunestyret skal ved første høve ta stilling til om dette krev vidare budsjettmessig oppfølging.

Beredskapsleiinga er i Delegeringsreglement gitt mynde til å vedta lokale forskrifter, jf. Kommuneleva §11-8 om hastesaker, i samband med covid-19.

2.1.1.4 ØKONOMISK ANSVAR

Kommunen vil normalt stå økonomisk ansvarleg for dei utgifter som påløper i tilknytning til katastrofeinnsats. Det vil seie utgifter den sjølv har tatt initiativ til. Om desse er betydelege, er det mogleg i ettertid å søkje staten om delvis dekning av utgifter.

Bestillingar og rekvisisjonar som skjer av politiet står politiet ansvarleg for. Kommunen skal vurdere om ansvaret for oppgåver som skal løysast ligg hos politiet og avklare det økonomiske med desse før ein gjennomfører enkeltaksjonar.

2.2 KRISETEAM

Psykososial omsorgsgruppe – «*Kriseteamet*» er kommunalt personell som er spesielt trena til å hjelpe personar som har vore utsett for store påkjenningar.

Kriseteamet og/ eller leiar skal delta ved overordna kommunale beredskapsøvingar.

Funksjon:

Gruppa kan kome saman ved spesielle dødsfall, personlege kriser, brotsverk, ulykker og andre hendingar og gje "emosjonell førstehjelp", dvs. skaffe praktisk hjelp og støtte.

Gruppa har eit nært samarbeid med det etablerte behandlingsapparat og må oppfattast som eit supplement til dette.

Målgruppe:

Dei som er ramma eller "innblanda" i hendinga, pårørande, organisasjonen dei tilhøyrar (skule, barnehage og andre).

Aktivering av gruppa:

- Kommunedirektør, politi eller kommuneoverlege kan kalle saman kriseteamet
- To eller fleire reiser ut saman - alt etter situasjonen.

2.3 BEREDSKAPSRÅD

I tillegg til ei fast beredskapsleiing har kommunen eit felles tverrfagleg samansett beredskapsråd saman med Ålesund kommune og Sula kommune som har til oppgåve å være eit rådgivande forum for gjensidig informasjonsutveksling om beredskapsmessig status i kommunane, inngå avtalar om samarbeid, finne felles løysingar og ta initiativ til beredskapsførebuing, inkl. øvingar.

Beredskapsrådet er sett saman av -

- Ordførarar
 - Beredskapsrådgjevar/ -sjef
 - Politiet
 - Ålesund Brannvesen (nødetat)
 - 110-sentralen
 - Helse Møre og romsdal HF
 - Sivilforsvaret (ettersøk/ materiell-leverandør)
 - Heimevern (materiell-leverandør)
 - Redningsselskapet
-

- Kystverket Midt-Norge (farvannsansvarleg)
- Mattilsynet
- Den norske kyrkja
- Ålesundsregionens Hamnevesen (hamneeigar)
- Avinor (lufthamn-eigar)
- Mørenett (kraftleverandør)
- Statens Vegvesen (vegeigar)
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Storulykkesvirksomhetene, 1 representant
- Representanter frå frivillige organisasjonar
 - Raude Kross (frivilleg org., hjelpemannskap, ettersøk-leverandør)
 - Frivillige Organisasjoners Redningsfaglige Forum – FORF
 - Helselag

Andre medlemmer kan innkallast etter behov (t.eks. kommuneoverlege, kommunedirektør, kommunalsjef m.v.)

Beredskapsrådet skal ha minst eitt møte i året.

Eksempel på tema i beredskapsrådet er klargjering av ansvars- og rolledeling, arbeid med heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyser og innspel til kommunane sine årsplanar. Dersom det i løpet av året er registrert krisehendingar kan kommunane orientere om det.

Beredskapsrådets aktivitetar rapporterast årleg til formannskapa.

3 SAMARBEID OG SAMVIRKE VED KRISER

3.1 SAMARBEIDSORGAN FOR BEREDSKAPSLEIINGA

- **Lokal redningsentral** (LRS, tel. 02800). Kwart politidistrikt består av ei lokal redningsleiing med dei viktigaste samvirkepartnarane ved landredning, med politimesteren som leiar. LRS er underlagt Hovudredningssentralane (HRS) og har normalt sett ansvar for redningsaksjonar på land i Noreg etter delegering frå HRS.
- **Statsforvaltarens beredskapskontor** (Fylkeshuset, tel. 71 25 84 00).

3.2 FORHOLD TIL POLITI

Politiet har generelt ansvar for å leie (leiing betyr også informasjonsansvar) ved:

- Redningsaksjonar der det er fare for tap av menneskeliv, fare for skade på menneske eller tap av store verdiar.

- Saker der det er utført straffbare handlingar eller det er mistanke om dette.

Møre og Romsdal Politidistrikt har ansvar for å rekvirere pleie av ramma personar (husly/innkvartering, mat o. l.) ved hendingar der dette er naudsynt.

LRS kan i samråd med kommunen gje deler av ansvaret for krisehandteringa til den kommunale beredskapsleiinga.

Kommunen vil normalt ha ansvaret for beredskapsleiinga for hendingar som strekk seg over lengre tid og der fare for menneskeliv er lav, t.d. ved ekstreme vêrtilhøve.

Kommuneleiinga skal ikkje kommentere hendingar som vil bli etterforska for straffbare handlingar, også om forhold som ikkje direkte vedkjem etterforskinga. Dersom i tvil: kontakt Lokal redningsentral (LRS).

3.3 EKSTERNE ORGANISASJONAR

- **Ålesund Lufthamn Vigra:** Eigen organisasjon for krisehandtering. Flyplassen kan gi støtte ved større brannar i kommunen. Flyplassen vert då stengt for all flytrafikk.
- **Sivilforsvaret:** Depot for hjelpeutstyr og personell som kan delta ved krisehandtering.
- **Heimevernet:** Depot for hjelpeutstyr og personell som kan delta ved krisehandtering.
- **Ålesund sjukehus:** Depot for hjelpeutstyr og personell som kan delta ved krisehandtering.

Frivillige organisasjonar: Frivillige organisasjonar kan bli trekt med i det årlege planarbeidet eller gjennomføring av krisehandtering for å bistå med personell og støtteoppgåver. Møre og Romsdal Røde Kors kan bidra med ressursar ved søk- og redningsarbeid, evakuering, EPS, psykososial støtte og helse- og omsorgstenester, jf. eigen samarbeidsavtale.

Ved digitale angrep:

- **eKommune Sunnmøre:** Interkommunalt IKT-samarbeid med felles løysing og drift
- **Politiets nasjonale cyberkripsenter (NC3):** Ønskjer å få tidskritisk informasjon tidleg uansett om saka er anmeldt eller ikkje.
- **Nasjonalt cybersikkerhetscenter (NCSC):** NSM sin nasjonale responsfunksjon for digitale angrep, og er en arena for nasjonalt samarbeid ved handtering av digitale hendingar og rådgiving.
- **Økokrim:** Kan bistå ved internasjonal stans av transaksjon relatert til kvitvasking og terrorfinansiering.

Ved atomhendingar:

- **Kriseutvalet for atomberedskap (KU):** KU skal sørge for koordinert innsats og informasjon ved en atomhendelse, eller når en atomhendelse ikke kan utelukkes, og denne kan ramme Norge eller berøre norske interesser.

- **Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (DSA):** DSA er nasjonalt og internasjonalt varslingspunkt ved atomhendelser. DSA leder KU, er faglig sekretariat for KU og har operasjonslokaler for den nasjonale atomberedskapen.

3.4 PLANREVISJON OG SAMORDNING

Planverk skal reviderast i hht. lovverket: Overordna beredskapsplan kvart år og ROS-analyse i takt med revisjon av kommunedelplaner og for øvrig ved endringar i risiko- og sårbarheitsbildet. Styringsdokument kan etablerast og reviderast ved behov. Forøvrig vert detaljerte lister og oversikter lagt ut og ajourført fortløpande på kommunen sitt elektroniske beredskapssystem DSB-CIM.

Planverket sine mål og fokusområde for samfunnssikkerheit går fram av gjeldande kommuneplan.

3.5 ÅRSJUL

Årshjulet skal sikre faste rutinar for revisjon og oppfølging av tiltak. Årsplan skal settast opp av beredskapsleiinga i samarbeid med beredskapsrådet. ROS-analyser skal ligge til grunn for revisjon av overordna beredskapsplan og del-planer. Årshjulet framgår av eget styringsdokument.

3.6 BRUK AV IT I BEREDSKAP (DSB-CIM)

Giske kommune skal nytte Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB) sitt elektroniske varslings- og loggsystem for beredskap; DSB-CIM.

Beredskapsplanverk, ressurslister og namne-/ varslingslister vert lagt ut på DSB-CIM fortløpande og når nye planer vert ajourførte.

Personar med roller innan beredskapsleiing skal ha opplæring i bruk av systemet.

4 ETBLERING AV KOMMUNAL BEREDSKAPSLEIING

4.1 LOKALISERING AV BEREDSKAPSLEIINGA

Beredskapsleiinga sitt situasjonsrom er normalt på Giske rådhus, møterom 3, 3. et., om ikkje anna vert meldt ved varslings.

Alternativ møtestad er Giske omsorgssenter.

Møterom 3 på rådhuset skal vere tilrettelagt for beredskapsleiinga som situasjonsrom med telefon- og datasamband, satellitt-telefon, hovudskjerm for deling og arbeidsplassar med nødvendig utstyr.

Beredskapsleiinga er oppsett med satellitt-telefon og nødnett-terminal. Kvar deltakar har div. dokumentasjon og vest i eigen beredskapssekk. Beredskapsleiinga bringer med eigne PC-ar ved oppmøte.

4.2 LOKALE FOR MEDIER/ PRESSE

Møterom 1 i 1. etg. nyttast som venterom, og orientering for presse/ medier.

Kommunestyresalen i rådhuset vert nytta til større presseorienteringar.

Om Giske omsorgssenter vert nytta av beredskapsleiinga, vert kafeen nytta til presseorienteringar.

4.3 ALTERNATIVE LOKALE FOR KOMMUNAL TENESTEPRODUKSJON

Om verksemdene av ulike grunnar ikkje kan nytte ordinære lokale i samband med ei uønska hending, skal alternative lokale framgå av eininga sin beredskapsplan.

5 BEFOLKNINGSVARSLING OG KRISEKOMMUNIKASJON

Målet er at Giske kommune skal ha robuste varslings- og informasjonssystem tilpassa hovudtrugsmål, evakueringsystem- og stasjonar for aktuelle hendingar.

5.1 INFORMASJONSKANALAR

Kommunen har i dag, eller kan nytte, følgjande varslingsystem for å nå innbyggjarar og tilsette:

Kommune-Kari, som er chatrobot på Giske kommune si heimeside, kan bli nytta til å informere befolkninga om kriser/ hendingar som er pågåande dersom beredskapsleiinga opnar for det. Beredskapskoordinator tilsette på servicekontoret kan leggje inn informasjon hos Kommune-Kari.

Eksternt samband:

- **UMS – varsling (adressebasert):** Talevarsling og SMS via telefon til faste abonnentar (fasttlf. og mobil). Beredskapskoordinator og tilsette på teknisk kan sende ut varslingar via UMS.
- **Internettvarsling:** Info lagt ut på kommunal heimeside <http://www.giske.kommune.no> og på [Facebook www.facebook.com/Giskekommune](http://www.facebook.com/Giskekommune). Beredskapskoordinator og tilsette i alle einingane kan leggje ut informasjon på heimeside og facebook.
- **Media:** Informasjon via NRK-radio og pressemeldingar i lokale aviser
- **Oppslag og informasjonsplakatar:** Hengt opp på aktuelle stader

Intern-samband:

Beredskapsleiinga og kriseorganisasjonen har tilgang på følgjande samband internt:

- Beredskapsleiinga sine mobiltelefonar har krise-prioritet i Telenor-nettet
- Alle tilsette kan bli varsla med gruppemelding via Telenor Bedrift. Beredskapskoordinator, einingsleiar kultur, service og næring samt systemintegrator har tilgang.
- Etatane og tilsette sine mobiltelefonar
- Nødetatane sine egne internsamband
- Nødnett for nødetatane, beredskapsleiinga, teknisk og pleie/ omsorg/ helse (HDO)
- Satellitt-samband: Satellitt-telefon for beredskapsleiinga

Internsamband og loggføring mv. på internett (DSB-CIM)

5.2 INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSKRISE

Det er alltid to kriser – den eigentlege krise og kommunikasjonskrisa. Om kommunikasjonen ikkje vert handtert rett, vil det sjå ut som om ein ikkje handterer den eigentlege krisa rett, og det oppstår då ei kommunikasjonskrise.

Eit av dei viktigaste momenta for å handtere krisekommunikasjonen er å vere tidleg ute: Sosial media (SOME) gjer at informasjon vert spreidd raskt. Det kan gje utslag i spekulasjonar, feil informasjon og ryktespreiing frå private aktørar, og som kan føre til at kommunen kjem på defensiven og må drive «brannslukking». Det er difor viktig at kommunen kjem raskt ut som informasjonsleverandør med kvalitetssikra informasjon.

5.3 BEFOLKNINGSVARSLING

Heilskapleg ROS-analyse viser at det kan oppstå behov for å informere innbyggerane på kort varsel ved fleire typar hendingar. Dette vil seie rask formidling av faresignal eller meldingar, direkte til personar som er ramma av ei hending eller ein fare.

Internett og info i sosiale media er dei viktigaste informasjonskanalane i dag. Slike media kan også nyttast til fortløpande utlegging og varsling om nyhende og endringar i hendingar som påverkar befolkninga.

Etermedia er sårbare med omsyn til utfall av straum, men ROS-analyse viser at kommunen er vurdert som robust med omsyn til kraftforsyninga der Mørenett har fleire reserveløysingar ved evt. brot på straumnett.

Det er beredskapsleiinga eller kommunedirektør som set i verk eller avgjer å ta i bruk befolkningsvarsel, og som også formulerar budskapet.

Sjå pkt 5.1 for informasjonskanalar.

5.4 INFORMASJONSROUTINER OG -OPPGÅVER

Klargjering ved informasjonsinnhenting

Sosiale medier gjer det mogleg for private å legge ut informasjon og bilete om hendingar ofte før nødetatane og beredskapsleiinga har oversikt. Dette kan vere ei utfordring med distribusjon av faktabasert informasjon, og kan føre til rykte eller handlingar som ikkje vert koordinert av rett myndigheit.

5.5 POLITIET SI INFORMASJONSROLLE

Politiet har eit overordna ansvar for å setje i verk naudsynte tiltak for å avverge fare for å begrense skade i samband med alle ulukke og katastrofesituasjonar.

Det er politiet som gjev informasjon i slike tilfelle. Dersom politiet/Lokal Redningsentral (LRS) leiar krisehandteringa, skal den kommunale kriseleiinga avklare med desse om informasjon kan gjevast ut. Om LRS set stab vil informasjonskravet til beredskapsleiinga bli redusert og underlagt redningsentralen. Koordinering av informasjonsflyt med politiet skjer gjennom kommunen sin liaison (sambandsperson) i LRS.

5.6 MÅLGRUPPER FOR KRISEINFORMASJON

Informasjon i krise skal gjevast snøgg og korrekt til:

- kommunale organ
- ramma/involverte i krise (skadde, overlevande, evakuerte)
- pårørande/enkeltpersonar
- politi
- befolkninga
- medier
- Statsforvaltaren og samarbeidsorgan

5.7 STAB – INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON

Staben skal samarbeide tett med beredskapsleiinga og halde seg orientert om utviklinga og bistå beredskapsleiinga med dei informasjons- og kommunikasjonstiltaka som vert gjennomført – sjå også pkt. 2.1.2 om beredskapsleiinga sine roller og oppgåver.

Stab for informasjon består av :

- Beredskapskoordinator
- Einingsleiar kultur, service og næring
- Personalsjef
- Økonomisjef

Oppgåvene til informasjonstenesta

1. Innhente opplysningar om situasjonen og rapportere vidare.
2. Gje innbyggjarane informasjon om situasjonen.
3. Gje informasjon for å bidra til at skadane vert minst mogeleg og hindre at nye farlege situasjonar kan skje.
4. Informere om helsemessige og sosiale forhold, vareomsetning, energi, kommunikasjon osv.
5. Informere eigne tilsette t.eks. via intranett, e-post, DSB-CIM, heimeside, Facebook og møter.
6. Informere media.

5.8 MEDIEKONTAKT

Ordførar har ansvar for kontakt med media og uttalar seg på vegne av kommunal beredskapsleiing/ kommunen.

Om LRS leier krisehandteringa må informasjonen utarbeidast i samarbeid med, og etter avtale med, politiet.

Der Statsforvaltaren har samordningsrolla (samfunnskritiske hendingar) vert informasjonen samordna med Statsforvaltaren sin informasjonsansvarleg.

5.9 LOGGFØRING OG ARKIVERING

Hendingar i ein krisesituasjon skal loggførast, også inn- og utgåande korrespondanse, telefonkontakt og andre kontaktpunkt. Logg skal fortrinnsvis førast i fagsystemet CIM.

Etter hendinga skal loggane arkiverast i kommunen sitt sak-/arkivsystem.

5.10 INFORMASJONSFLYT

Beredskapsleiinga skal halde seg orientert om hendinga si utvikling og opprette informasjonskanalar slik at all informasjon vert riktig og einsarta.

Informasjonsflyten skjer på to felt:

Intern informasjon:

Informasjonslinjer for informasjon mellom beredskapsleiing, kommunen sine andre organ og dei som er involverte i å løyse hendinga påstaden.

All informasjon skal følgje normale kommunikasjonskanalar (tenesteveg).

Ekstern informasjon:

Informasjonslinjer for informasjon mellom beredskapsleiing, dei som er ramma, pårørande, befolkninga elles og media.

6 EVAKUERINGSPLAN

Det er politimyndigheitene sitt ansvar å be kommunen om å opprette Evakuerte og pårørandesenter (EPS). Evakuering vert normalt leia av politiet/ LRS.

Eigen plan for EPS er utarbeidd. EPS-ansvarleg er einingsleiar for teknisk eining i Giske.

EPS-plan inneheld:

- Ansvarskart
- EPS-oppgåver, ansvar, funksjonar
- EPS-sentra i kommunen (geografisk)
- Oversikter: Kriseteam, beredskapsleiing, tiltakskort, kommunekart

Det er etablert beredskapskasser med hjelpemedel for bruk ved EPS.

EPS-senteret vert bemanna av personell frå teknisk eining, pleie-/ helseeiningane, andre tilsette og frivillige.

6.1 OPPGÅVER VED EVAKUERING

Hovudoppgåve er evakuering av personar frå skadeområde eller eit utsett område i kommunen til EPS i eller utanfor kommunen.

Leiinga for EPS har ansvar for å bemanne med leiing og fagleg kompetente personar, og skal sikre at følgjande vert ivareteke:

- ta imot personar som er evakuerte frå ulukkesstad og gje omsorg og pleie
- registrere evakuerte om politiet ønsker at denne oppgava skal utførast av Giske kommune.
- legge til rette for at pårørande til omkomne, skadde og evakuerte kan samlast, få støtte, menneskeleg omsorg og informasjon
- etablere kontakt med kriseteamet
- etablere kontakt med kriseleiing i Ålesund dersom det bør bli oppretta EPS der
- skaffe mat, klede, sko og anna utstyr om naudsynt

6.2 EVAKUERTE- OG PÅRØRANDESENTRA I GISKE

- Skulane i kommunen
- Idrettshallane, prioritert for store folkemasser er Vigrhallen
- Omsorgssentra, ut i frå kvar krisa oppstår.
- Hotell i Giske kommune og Ålesund kommune blir vurdert ved behov EPS for mindre grupper og ved behov for overnatting

7 KONTINUITET

Kommunen må sikre at befolkninga får forsvarlege tenester også under ei krise.

I enkelte kriser kan det bli auka behov for ressurser, og dermed omdisponering av tilsette. Det kan t.eks. vere innafør disse tenestene:

- Reinhold
 - Vaksinerings
 - Helsetenester
 - Vatn og avlaup (sikring, rydding, tildekking)
 - Leveranser og transport
-

8 KRISEAVSLUTNING – EVALUERING

Ei krise har ei naturleg avslutning, og skal følgje bestemte rutiner.

8.1 NEDTRAPPINGSFASE

Beredskapsleiinga vedtar:

- At krise er over og at kommunen går tilbake til vanleg drift og iverksetting av normaliserande tiltak
- Om, og evt. kor lenge, opplegg for kriseinformasjon skal oppretthaldast etter at andre oppgåver er avslutta
- Igangsetting av naudsynte tiltak for å følgje opp alt innsatspersonell
- Tiltak for å bringe kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet tilbake til normaltilstand

8.2 EVALUERING

Ein skal gjennomgå og vurdere handtering av krise så snart som muleg etter at krise er opphørt. Alle oppgåver og aktivitetar som ligg til kommunal beredskapsleiing samt evt. ekstern bistand skal takast med i evalueringa. Det er difor naudsynt at flest mogleg som deltok i handteringa av krise skal delta i evalueringa.

Det skal utarbeidast ein samla skriftleg rapport etter evalueringa. Denne skal godkjennast av kommunedirektøren.

Når det vert avdekt feil eller svakheiter ved nokon del av kommunen sitt beredskapsplanverk, organisatoriske eller praktisk gjennomføring skal det utbetrast umiddelbart.

VEDLEGG

1. BEREDSKAPSDOKUMENT FOR KOMMUNALE EININGAR – UTRYKTE VEDLEGG

| EINING | PLANDOKUMENT | OPPDATERT |
|--|---|------------|
| Stab | Heilskapleg ROS-analyse | 2019 |
| Stab | Giske aggregert tiltaksrapport | 2022 |
| Stab | Tunnel-ROS langvarig stenging | 2017 |
| Stab | Overordna beredskapsplan | 2022 |
| Stab | Styringsdokument | 2022 |
| Stab | Beredskap ved streik | 2022 |
| Stab | Pandemiplan - Giske kommune | 2021 |
| BARNEHAGAR | | |
| Vigra barnehage | **Kriseportalen + egne dokument | 2022 |
| Giske Barnehage | **Kriseportalen + egne dokument | 2022 |
| Tryggheim barnehage * | PBL Mentor (nettbasert) | 2022 |
| Skjong barnehage* | PBL Mentor (nettbasert) | 2022 |
| Daggry barnehage * | PBL Mentor (nettbasert) | 2022 |
| Myra barnehage* | PBL Mentor (nettbasert) | 2022 |
| Gnist barnehage, Nordstrand * | Kvalitetshåndboka | 2019 |
| Gnist barnehage, Sætra* | Kvalitetshåndboka | 2019 |
| * = privat barnehage | | |
| SKULAR | | |
| ** Alle skulane har <i>Kriseportalen</i>: Kriseperm for grunnskulen v/ Personalomsorg AS, inkl. tema Skule og samfunn: Trugsmål mot skulen, brann, krig, naturkatastrofar, pandemi. | | |
| Godøy skule | **Kriseportalen | 2022 |
| Giske skule | **Kriseportalen | 2022 |
| Giske ungdomsskule | **Kriseportalen | 2022 |
| Valderøy barneskule | **Kriseportalen | 2022 |
| Vigra skule | **Kriseportalen | 2022 |
| HELSE, PLEIE, OMSORG | | |
| Pleie, omsorg | Smittevernplan Giske kommune | 2021 |
| Vigra, Giske, Godøy omsorgsdistrikt | Overordna ROS-analyse pleie og omsorgstenesta | 2022 |
| Vigra, Giske, Godøy omsorgsdistrikt | Lokal evak.plan for Vi./Gi./ Go oms.distr. | 2020 |
| Valderøy omsorgsdistrikt | Overordna ROS-analyse pleie og omsorgstenesta | 2022 |
| | ROS brann GOS | 2021 |
| Barn, familie, helse (BFH) | Plan for helse og sosial beredskap | 2005 |
| Barn, familie, helse (BFH) | Pandemiplan – BFH | 2009 |
| Legetenesten | Pandemiplan - Legetenesten | 2021 |
| NAV Giske | Lokal bered.plan og lokal sikkerhetsinnstruks for NAV Giske | 2022 |
| ANDRE TENESTEOMRÅDE | | |
| Teknisk | Bered.plan for vassverket | 2018 |
| Teknisk | B.plan mot akutt forureining | 2012 |
| Teknisk | ROS Brann og Redning Giske | 2017, 2019 |
| | | |

2. VARSLINGSLISTER OG RESSURS-OVERSIKTER – UTRYKTE VEDLEGG

Liste over ansvarlege roller for overordna beredskapsleiing og beredskapssekretariat/stabstøtte ligg i beredkapsplanen.

Lister vert fortløpande lagt ut og revidert i DSB-CIM.

VARSLINGSLISTER

- Beredskapsleiing
- Beredskapsråd
- Kriseteam
- Eksterne organisasjonar
- Frivillige organisasjonar

RESSURSLISTER

- Kommunale ressursar
- Private ressursar

3. ORDLISTE

| | |
|-----------------|---|
| Beredskap | Planlagte og førebudde tiltak som gjer oss i stand til å handtere uønska hendingar slik at konsekvensane vert minst mogleg. |
| DSB-CIM | Dataprogram for bruk i beredskapsamanhang. Inneheld modular for lagring eller utarbeiding av beredkapsplaner, loggføring, meldingstenester, rapportering, analyser osv. |
| DSB | « Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap ». Hovudkontor i Tønsberg. |
| EPS | « Evakuerte- og PårørandeSenter » - eit trygt bygg som kommunen kan flytte ramma personar til ved ei krise. |
| Førebygge | Iverksette tiltak for å redusere sannsynet for ei uønska hending, eller på førehand redusere følgje av ei mogleg hending og for å redusere konsekvensen av ei hending dersom den likevel skjer. |
| HRS | «Hovudredningsentralen» er redningsentralar som leier og koordinerar alle typer redningsaksjonar (land-, sjø- og luftredningsteneste) i Noreg. jf. kap. 3. |
| Krise | Uønska situasjon med høg grad av usikkerheit og potensielt uakseptable konsekvensar for dei enkeltpersonar, organisasjonar eller statar som vert ramma. Jfr. også kap. 1.4.1 |
| Krisehandtering | Summen av tiltak som vert sett i verk når ei krise har oppstått, for å avgrense skade og stanse krise. |

| | |
|-------------------------------------|--|
| Kriseteam | Kommunen si psykososiale omsorgsberedskapsgruppe som rykker ut for å gje omsorg og støtte til ramma personar ved krise. Jf. kap. 1.4.4. |
| Liaison | Fagperson som deltek i politiet sin stab ved ei hending, og som formidlar kunnskap mellom politiet sin stab og kommunen sin beredskapsleiing. Fag kan variere avhengig av type hending . |
| LRS | Lokal RedningsStab. Jf. også politistab, jf. kap. 3. |
| Nødterminal | Radioterminal for internkommunikasjon mellom enkeltpersonar eller grupper i beredskap. |
| Politistab | Politiet samlar leiing og fagmiljø ved ei hending. jf. kap. 3. |
| Psykososial omsorgsberedskapsgruppe | Kommunen sitt kriseteam, jfr. kap. 1.4.4. |
| Risiko | Risiko er ei samansetting av sannsynet for at ei hending kan oppstå, og konsekvensen av hendinga, ofte gjeve som eit tal mellom 1-25 der høgare tal viser høgare risiko. Vert ofte nytta om negative eller farlege hendingar. |
| ROS-analyse | « Risiko- og sårbarheitsanalyse » går ut på å kartlegge, systematisere og vurdere sannsyn for uønska hendingar og korleis desse kan påverke kommunen. |
| Samfunnssikkerhet | Samfunnet si evne til å verne seg mot og handtere hendingar som kan true grunnleggjande verdiar og funksjonar og setje liv og helse i fare. Slike hendingar kan vere utløyst av naturen, tekniske eller menneskelege feil eller bevisste handlingar. |
| Sette stab/ krisestab | Samle beredskapsleiinga til møte ved ei hending eller krise. |
| Styringsdokument | Omtalar organisering av kommunen sin beredskap, opplæring, øvingsmål og revisjon av planverk. |
| Sårbarheit | DSB: « <i>Sårbarhet er et uttrykk for de problemer et system får med å fungere når det utsettes for en uønsket hendelse, samt de problemer systemet får med å gjenoppta sin virksomhet etter at hendelsen har inntruffet (NOU 2000:24)</i> » |
| Tiltakskort | Sjekkliste for mulege hendingar eller bestemte roller og funksjonar ved beredskapsarbeid |
| UMS | Unified Message System: Eit varslingsystem med SMS på telefon til innbyggjarane med automatisk opplesing og mulegheit for å kvittere for mottatt melding. |